

## AVTALE

mellom

**Meland kommune**

og

**Jan Eirik Kolstad AS**

Eigar av gbnr, 26/65 i Meland kommune

Avtalen gjeld bygging av nytt VA-anlegg frå Littlebergen til Isdalstø. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast kablar for fiber og veglys.

Mellan Meland kommune og eigar av gnr. 26 bnr. 65 i Isdalstø har inngått følgjande avtale om nytt VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å leggje og ha liggjande vassleidning, spillvassleidning og overvassleidning, med tilhøyrande utstyr og kummer. Grunneigar gjev Meland kommune også rett til å leggja kablar for fiber og veglys. Den aktuelle plasseringa av leidningane er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringen og utføringa av leidningsanlegget.
2. Meland kommunehar vidare rett til tilkomst til leidningsanlegget i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte private framkomstvegar.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenopprettet i den grad det er mogleg.
4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal handterast på same måte.
5. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføra fare for leidningen. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Elles må det tett inntil leidningsanlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at leidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, til dømes pløying eller liknande, kan difor utførast under føresetnad av at arbeidet utførast over leidningen.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå førenemnde føresegner.

6. Som vederlag for ulemper grunneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er basert på det offisielle gardskartet henta frå skogoglandskap.no:

over full- og overflatedyrka mark	kr 30,- per m grøft (tidlegare 25,-)
over gjødsla beite	kr 20,- per m grøft (tidlegare 15,-)
over anna jord	kr 5,- per m grøft (tidlegare 2,5,-)
over produktiv skog	kr 16,- per m grøft
kummar	kr 3000,- per kum (ikkje gitt tidlegare)

Endeleg oppgjer finn stad når anlegget er fullført og etter oppmåling.

7. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
8. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato: .....

Eigar av grn. 26 bnr. 65 v/daglig leder Jan Eirik Kolstad

Meland kommune

.....

.....

Orgnnr.:.....

Orgnnr.: 951 549 770